

Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Andre Aasrud
Melumveien 41A
0760 Oslo

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/9236

Arkiv:

16/18, L42

Vår dato:

13.08.2026

Saksnr.	Utval
226/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
200/26	Kommunestyret

16/18 - Tillatelse til tiltak - Tilbygg anneks

Tiltak: Tilbygg anneks
Byggjestad: Gbnr: 16/18
Tiltakshavar: Andre Aasrud
Melumveien 41A
0760 Oslo

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §20-4 jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak, oppføring av tilbygg på noverande anneks på gnr. 16, bnr. 18, Bjelbølsvegen 7, i samband med søknad med vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Alt avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent avfallsmottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Tilbygget skal ha så lik stil og farger som noverande bygg som mogleg.
3. Tiltaket skal gjennomførast i tråd med tekniske krav, plan og bygningsloven og relevante lokale forskrifter.
4. Det er ikkje lov å ta i bruk tiltaket før det er gitt mellombels bruksløyve, eller ferdigattest.
5. Annekset kan ikkje innreist med både bad og kjøkken for å bli eigen bueining. Annekset skal fungere som tilleggsdel for hytta, og kan dertil ikkje innehalde alle funksjonar.
6. Andre Aasrud vert registrert som ansvarleg for tiltaket
7. Privatrettslege tilhøve er ikkje vurdert.

Saksopplysningar

Tiltakshavar sendte inn søknad om tiltak utan ansvarsrett.

Søknaden beskriv tilbygg på noverande anneks på fritidseigedomen gnr. 16, bnr. 18, Bjelbølsvegen 7 på Beitostølen.

Eigedomen har arealføremål bebyggelse og anlegg, og er frå før bebygd med ei hytte og to anneks/uthus.

Tiltakshavar ynskjer no utvide det eine anneksset for betre innvendig plass på eigedomen. Anneksset vil etter tilbygg og ombygging bestå av to soverom, eit bad, og badstue.

Arealrekneskapet syner:

Eining	Areal
Tomt:	1087,5m ²
Hytte:	70m ²
Anneks:	15m ²
Uthus:	5m ²
Tilbygg anneks:	21m ²
Parkeringsareal:	36m ²
Sum BYA etter tilbygg:	147m ²
Grad av utnytting:	13,52%

Tiltaket er nabovarsla med merknadar som er svara ut av søker, og det er vedlagt samtykke frå råka nabo for avstand under 4 meter frå denne si grense.

Vurdering

Byggearbeidet er i tiltaksklasse 1, risikoklasse 4 og brannklasse 1, og er eit mindre komplisert tilbygg som kan utførast som tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova §20-4.

Eigedomen er styrt av *Arealdelen til kommuneplan 2026-2038* og ligg i område for bebyggelse og anlegg og er ikkje eit regulert område. Det ligg plan til regulering i desse områda, men det er unntak frå dette kravet i kapittel 2.3.1 f) Tiltak etter § 20-4 i plan- og bygningslova. Vi vurderer at dette tiltaket oppfyller vilkåret.


Det er merknadar frå naboar på nabovarsling på tiltaket, med bekymring for tilkomst og biloppstilling. Dette er svara ut frå tiltakshavar og vi kan ikkje sjå at deira merknadar skal ha betydning i saka då tiltaket ikkje endrar tilkomst eller krav til biloppstilling på eigedomen, eller forringar deira tilgjenge. Gjennomføringa utløyser heller ikkje krav til meir biloppstilling, då tiltaket ikkje fører til etablering av ny brukseining.

Tilbygget kjem inn som vinkelbygg på noverande anneks og får mønehøgde på 3,5 meter, og takvinkel på 30° og synes godt tilpassa bygget det skal byggast saman med.



Figur 1 Raud markering syner tilbygget til noverande anneks.

Eigedomen er dels råka av sone med potensiale for flaum. Denne sona råker ikkje den delen av eigedomen tiltaket skal være på og påverkar dermed ikkje gjennomføringa for tilbygget i denne saka.



Figur 2 markert felt syner område med flaumpotensiale på eigedomen.

Det er føreteke DOK-analyse av eigedomen utan ytterlegare treff av betydning for tiltaket.

Tiltaket ligg i nedbørsfeltet for Øyangen og eigedomen er kopla til kommunal VA-løysing. Tiltaket fører ikkje til etablering av ny brukseining men vil fungere som tilleggsdel til hovudhytta. Tiltaket vil føre til ei auke på 2 om lag pe og er godt innanfor avlaupsanlegget sin kapasitet.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 08.06.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandlar bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.